

25. november 2015

Kommentarar til ny høyringsuttale av 28.10.2015 frå Fylkesmannen i Aust-Agder

Det er med stor undring vi har lese gjennom Fylkesmannen i Aust-Agder sitt nye skriv til NVE vedrørende Uppstad Kraftverk. Innleiingsvis meiner vi at det burde halde å be NVE avise skrivet grunna at høyringsfristen var sett til 7. juli 2015, men vi legg til nokre tilleggsmoment:

- Fylkesmannens skriv tilfører ikkje saka nye opplysningar, anna enn at han ser ut til å meine at han ikkje tidlegare har makta å lese søknaden med vedlegg godt nok, fordi han seier at «Bekkekløften i Uppstad er ikke registrert i den nasjonale bekkekløftregistreringen eller i tilgjengelige databaser som Naturbase eller Narin.» Det kan vel tyde på at vilkåra for registrering av Håvestøylsåne i den nemnde nasjonale registreringsbasen ikkje er oppfylde.
- Fylkesmannen tek seg vidare den fridomen å desavuere den vitskaplege konsekvensutgreiinga som er gjort av topp spesialistar i Rådgivende Biologer AS (Bjelland, Dr Scient i botanikk; Johnsen, Dr Philos i zoologisk økologi, etc), som har gjort meir enn 300 tilsvarande konsekvensutgreiingar.
- Sakshandsamar hos Fylkesmannen har, etter det vi kjenner til, ingen spesialistkompetanse innan feltet, og denne nye sakshandsamar var ikkje tidlegare involvert i saka, og var heller ikkje med på synfaringa på Uppstad i september. Ein stiller spørsmålsteikn med grunnlaget for Fylkesmannens siste uttale.
- Nedanfor vil vi likevel konkretisere ovannemnde innvendingar mot Fylkesmannen i Aust-Agder sitt nye skriv.

Fylkesmannen: «Rørgaten og anleggsveien som planlegges vil etter Fylkesmanns vurdering medføre særdeles store inngrep i bekkekløften og vil sannsynligvis ødelegge bekkekløften som landskapselement.» Rådgivende Biologer AS omtaler dette i søknadens pkt 3.6, Terrestrisk miljø, med konklusjonen: «Vurdering: Liten til middels verdi og middels negativ virkning gir liten negativ konsekvens (-).»

Fylkesmannen: «Fylkesmannen viser til at kunnskapsgrunnlaget (naturmangfoldloven, nml § 8) om bekkekløfters utbredelse i Aust-Agder er mangelfullt. Bekkekløftenes verdi som særegent landskapselement er heller ikke vektlagt i bekkekløftregistreringen ... For nasjonalt eller regionalt sjeldne landskap, slik som bekkekløft anses å være, skal det gjøres en konkret vurdering mht. vesentlige virkninger.» Rådgivende Biologer AS: «Landskapet langs Håvestøylsåne [utbyggingselva] vurderes til liten til middels verdi, klasse C/B, jf Melby & Gaarder (2005). Klasse C er «landskap dominert av uheldige inngrep» (dvs. bekkeinntaket til Brokke kraftverk), mens klasse B er «typisk landskap for regionen, landskap med normalt gode kvaliteter, men ikke enestående».» Konklusjonen fra Rådgivende Biologer AS: «Temaet landskap har liten til middels verdi.»

Fylkesmannen sin henvising ovanfor til nml 8 om «kunnskapsgrunnlaget» er greit nok, då det står i nemnde paragraf at «offentlige vedtak som berører naturmangfoldet skal så langt det er rimelig

bygge på vitenskapelig kunnskap ...». Dette inneber mellom anna også at Fylkesmannen skal respektere den beste ekspertisen på aktuelle felt, i dette tilfelle på Rådgivende Biologer AS.

Fylkesmannens skriv nemner også «Veileder». «Vurdering av vesentlige virkninger etter vedlegg III i forskriftene om konsekvensutredninger» (KLD og KMD 8. juli 2015)», som i forordet seier at «Veilederen publiseres i en foreløpig utgave. Vi tar sikte på å revidere veilederen i begynnelsen av 2016,» samt at «Det legges til grunn at det vil være relativt få av planene og tiltakene som vil falle inn under forskriftenes definisjon av vesentlige virkninger.»

Mvh.



For Uppstad Kraftverk AS

Tarald Rike
Uppstad
4748 Rysstad